

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR



Ogna skule 2018 – 2021

Innleiing

Kapittel 9 A i opplæringslova skal bidra til at elevane har det trygt og godt på skulen, slik at elevane trivs og kan læra best mogleg. Reglane gir elevane ein individuell rett og inneheld framgangsmåte for korleis skulen skal handsame sakene på best mogleg måte.

Retten til eit trygt og godt skudemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skudemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. § 9 A-2

Nulltoleranse

Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, jf. § 9 A-3

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, jf. § 9 A-3

Kva er mobbing?

I elevundersøkinga er mobbing definert som følgjande:

«Negativ eller «vondsinna» åtferd gong på gong frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvara seg. Erting gong på gong på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing.»

- ❖ Aktiv mobbing: Fysiske angrep som slag, spark, kast, øydelegging av klede m.m., verbale og ikkje verbale angrep som truslar, hån, slengmerknader, kalling, hånlatter m.m. og mobbing ved bruk av mobil og internett.
- ❖ Passiv mobbing: Å oversjå eller stengja nokon ute frå venneflokkene.
- ❖ Digital mobbing:
 - ✓ Skulen har reglar for bruk av mobil og internett

- ✓ Læra elevane opp til god nettbruk, jf. nettvettreglane for Ogna skule
- ✓ Samarbeid med føresette, politi og andre for å avdekka og løysa digitale mobbesaker

Kva skal skulen gjera?

1. Følgja med

Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgja med på kva som skjer på skulen og gripa inn dersom dei ser krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg, jf. § 9 A-4.

Signal hjå elevane:

- Fysiske skadar
- Stadig vondt i magen
- Innesitjing
- Søvnproblem
- Mangel på venner
- Mykje fråvær
- Endra åtferd

Mobbinga føregår som regel utan at vaksne er til stades. Difor er det viktig at skulen har faste rutinar for å avdekka mobbing:

- To spørjeundersøkingar kvart skuleår der den eine er elevundersøkinga
- Tilsyn ute der vaktene har gul vest som gjer dei godt synlege. Vaktene er med på å aktivisere elevane, og dei passar på at ingen går aleine
- Mobbing er tema på alle utviklingssamtalar, elevsamtaalar og foreldremøte
- Elevane skriv logg kvar veke der dei skriv om korleis dei har det på skulen. Dette hjelper lærarane til å ha god oversikt over det psykososiale miljøet i klassane

2. Gripe inn

Alle tilsette ved skulen har plikt til å gripe inn umiddelbart ved mobbing og uønska atferd.

3. Varsling

Alle tilsette har plikt til å varsle rektor dersom dei ser eller mistenkjer at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Det er skjerpa aktivitetsplikt i saker der tilsette krenker elevar, jf. opplæringslova § 9 A-5. Då skal rektor varslast straks, og rektor skal deretter varsle skuleeigar.

4. Undersøke

Ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

5. Setja inn tiltak

Skulen har plikt til å setja inn eigna tiltak for alle elevar som opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, uansett årsak. Skulen har også plikt til å følgja opp tiltaka, evaluera verknad og leggja til eller endra tiltak dersom det er naudsynt.

6. Dokumentera

Skulen må dokumentera skriftleg kva som vert gjort for at elevane har det trygt og godt på skulen i ein aktivitetsplan.

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som skulen må laga når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Aktivitetsplanen skal innehalde:

- kva problem som skal løysast
- kva skulen har planlagt
- kva tid tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg
- kva tid tiltaka skal evaluerast

Førebyggjande arbeid. Kva gjer me for at alle elevar skal ha det bra?

- Arbeid i klassane for eit godt skule- og klassemiljø
- Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø
- Sosiale aktivitetar og arrangement
- Samarbeid med føresette
- Klasseleiing - tydelege lærarar med tydelege rammer
- Alle tilsette må skape gode relasjonar til elevane
- Vise tydeleg nulltoleranse mot mobbing og krenkande atferd
- Aktivitetsplikt

Faste tiltak i årshjul:

August: Gjennomgang av handlingsplan mot mobbing og andre krenkingar for elevar og tilsette.

September: Foreldremøte på alle trinn, syna til handlingsplanen mot mobbing og andre krenkingar. Gjennomføra lokal undersøking på alle trinn ved bruk av Klassetrivsel.no

Okt/nov: Gjennomføring av elevundersøkinga.

Januar/februar: Evaluering av elevundersøkinga i alle råd og utval.

Haust og vår: Jamlege møter i elevråd, FAU, SU og SMU. Varsling om aktivitetsplanar i FAU, SU og SMU.

Rektor er jamleg med på lagmøte for å få informasjon om det psykososiale miljøet på dei ulike trinna.